

Referat frå Soknerådsmøte

Stad: Sakristiet Ålvik kyrkje

Dato: tysdag 1. september 2026

Kl: kl. 16.30- 18.00 (grunna konf.foreldremøte kl 18.00).

Desse møtte: Ida, Gudveig, Arvid, Karianne, Lisbeth, Norunn

30/26 Godkjenning av innkalling og referat

Ingen merknader.

31/26 Info frå fellesrådsmøte/ soknerådsleiarmøte

Ingen spesielle merknader.

32/26 Konfirmantkapper

På soknerådsleiarmøtet vart det beslutta at ein (som dei tilsette) vil gå for at også Kvam- konfirmantane skal nytte konfirmantkapper frå våren 2027. Foreldre vil bli informert om dette på foreldremøte allereie no i haust. Fellesrådet tek kostnaden med innkjøp av kapper.

33/26 Strategidokument

Vetle har utarbeida eit forslag til ny helskapleg plan for alt kyrkjelege arbeid i Kvam. Me vil no gå frå å ha mange planar(ein for kyrkjemusikk, ein for diakoni, ein for trusopplæring etc.....) til EIN plan for alt kyrkjeleg arbeid 0-100 år. Ålvik sokneråd ynskjer seg ein lettfatteleg, konkret plan på ei side tillegg til den heilskaplege planen som ein ser for seg blir eit grunnlagsdokument.

34/ 26 Nominasjonskomite for soknerådsvalet hausten 27.

Heile soknerådet er nominasjonsnemnd. Neste soknerådsmøte tar me ei idemyldring på namn. Det vart beslutta at me sender brev til aktuelle kandidatar. Har Marie brevet tilgjengeleg?? NB! Håpar nokre av soknerådsmedlemmane vil ta gjenvæl.

35/26 Klokkartenesta. Kva gjer me?

Karianne har vore klokkar ved 2 gudstenester no. Funkar kjempefint. Norunn ringer fabrikken og høyrer om det kunne vere aktuelt for dei å støtte ei klokkarstilling for ungdom i Ålvik. Norunn har fjorårskonfirmantar i tankane; nokre av dei var flinke lesarar.

36/26 Evaluering av arrangementer og gudstjenester

Friluftsgudst. 14. juni samla 45 stk. Det var ei flott gudsteneste. Gudst. 23. august samla 32 stk. Det var ein flott start på semesteret.

37/26 Informasjon om trusopplæring og konfirmasjon

Det blir eigen konf.gruppe i Ålvik i år med 7 konfirmantar. Dei skal ha samling ein tysdag i månaden. Solveig Sangolt er tilbake i trusopplæringsstillinga. Trusopplæringa fr hausten er under planlegging.

38/ 26 Planlegging av kommande arrangement;

- 4 og 6 årssamling tors.24. sept. Kl 17-1830. Mampion og Norunn har ansvar. **Me treng mogleg hjelp til mat. Nokon som kan?**
- Søndag 27. sept, kl 11.00: Gudst med konf. pres, utdeling av bøker til 4 og 6 åringar + to dåp. **Kan soknerådet stille med kyrkjekaffi?**
- Fredskonsert 13. sept.(under Ålvik rock) vert avlyst grunna at Marie Skeie vert forhindra frå å komme. Me prøver igjen seinare i haust.

39/26 Dugnad og oppheng av bilete nytt misjonsprosjekt

Arvid har dialog med Olav-kyrkjeverje. Nye takrenne må på plass. Når desse er komne, samlar Arvid nokre dugnadsfolk. Han spør Brigit Sigve om lån av stilas.

40/26 Eventuelt

- Strikkeklubb vert 2. tysdagen var månad, kl 18-20: 8. sept, 13. okt. 10. nov. Lisbeth har ansvar fyrste gongen.
- Lisbeth har kjøpt inn garn til 1600;- Ålvik sokneråd sponsa også gåve til Strandebarm sokn i høve jubileet (på 500,-).
- Økonomi: Marie har ansvar. Ettersom Marie ikkje var på møtet, hadde me ingen økonomirapport.
- Norunn lagar plakat som alts osm skal skje i haust når datoar er klare. Legoklubb (1-4 trinn) og Tweens (opplegg for 5-7 trinn) er under planlegging. Nokre gongar med Minikyrkje er også under planlegging.

Ref: Norunn